



Dagny Marie Helland
Hellandsvegen 207
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5007 - 20/14570

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 438/11 Helland

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 438/11

Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 012.02.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Situasjonskart

Den nye grunneigedomenen må teiknast inn på kartet som kommunen har laga. De må oppgje mål på nye grenselinjer, arealet for ny grunneigedom og avstand mellom eksisterande bustad og ny grenselinje.

Det må gå fram av situasjonsplanen at eigedomen har tilstrekkeleg areal for uteopphald, dvs. 200 m² og parkeringsareal til 2 bilar. Parkeringsplass skal plasserast slik at det er mogleg å snu på eigen grunn.

Dersom avstand mellom eksisterande bygg og grense for ny parsell er mindre enn 4 meter må det hentast inn samtykke frå eigar av naboeigedomen, eller søkast om dispensasjon frå avstandskravet i § 29-4 i plan- og bygningslova.

Utnyttingsgrad

Utnyttingsgrada for den nye eigedomen må gjevast opp i % BYA(bygd areal) og samla bruksareal (BRA). Parkeringsplass skal inngå i BYA og BRA med 18 m² per plass.

Nabovarsel

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

De skriv at de har send nabovarsel til Vestland fylkeskommune på e-post den 08.02.2020, men har ikkje dokumentert det. De må senda inn dokumentasjon som viser at Vestland fylkeskommune er varsla.

Søknaden er send inn før nabofristen er gått ut. De må gjera greie for om det ligg føre nabomerknader.

Plangrunnlaget og dispensasjon

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplanen for Radøy er avsett til LNF-føremål med eksisterande spreidd busetnad. I desse områda kan det ikkje opprettast nye eigedomar eller førast opp nye bustadar. Tiltaket er i strid med plangrunnlaget og krev at det vert gitt dispensasjon. De har send inn søknad om dispensasjon, men denne er ikkje grunngitt. Grunngjeving må sendast.

Privatrettslege forhold

Dersom tilkomstveg, eller anlegg for vatn eller avløp er plassert på naboeigedomen, må det dokumenterast ved avtale som seinare kan tinglysast, at den nye parsellen har nødvendig vegrett og rett til å plassering av anlegg for vatn og avløp på eigedomen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.05.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden, og det kan påreknast eit administrativt avslag.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Mottakrar:

Dagny Marie Helland

Harry Helland

Hellandsvegen 207

Hellandsvegen 207

5936

5936

MANGER

MANGER